

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 16.08.2024

**Vår ref.:** 201307845-22 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Høyring av søknad om forlengd byggefrist for Nedre Molla kraftverk i Sauda kommune, Rogaland fylke**

NVE fekk inn ein søknad frå Bekk og Strøm AS, datert 13.03.2023, om løyve til å forlenga byggefristen for Nedre Molla kraftverk med fem år, til 09.04.2028. Bekk og Strøm AS fekk opphavelig konsesjon til å byggja kraftverket den 09.04.2018. Dei er no fusjonert inn i Cadre Elvekraft AS, som har overdrege konsesjonen, og som no held i søknaden.

Det fylgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starta bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen frå. NVE kan forlenga byggefristen éin gong med inntil fem nye år.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er naudsynt. Søknaden om forlengd byggefrist vert difor berre sendt på avgrensa høyring til Sauda kommune, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland.

### **Kva me ynskjer fråsegn om**

NVE skal vurderer om det er kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør bli forlengd. NVE ynskjer difor tilbakemelding på om det har kome opp nye tilhøve sidan saka vart behandla i 2018. Me ynskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli råka av saka, slik at dei også kan få moglegheita til å uttala seg. Me ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er naudsynt med ytterlegare utgreiingar.

### **Her finn du søknaden**

Søknaden er lagt ut på NVE sine nettsider: [www.nve.no/7322/V](http://www.nve.no/7322/V).

### **Slik sender du inn høyringsfråsegn**

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av fylgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på saka si nettside ([www.nve.no/7322/V](http://www.nve.no/7322/V))
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201307845 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i



innleiinga om du representerer ei verksemd)

- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201307845 i emnefeltet, og oppgje namn og organisasjonsnummer i innleiinga dersom du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er:

**30.09.2024**

Med helsing

Brit Torill Haugen  
fagleiar

Hanne Tjoflot  
førstekonsulent

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

Godkjent av Brit Torill Haugen  
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Mottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
SAUDA KOMMUNE

**Kopimottakarliste:**

CADRE GROUP AS - Andreas Brunner